

## Informasjon vi treng om påførte og framtidige utgifter som følge av behandlingsskaden

Denne informasjonen sender du oss enklast gjennom Mi side, og vi tilrår at du tek i bruk Mi side for å sende oss det vi spør etter. Gjennom Mi side får vi raskare rett informasjon frå deg.

- [Logg inn på Mi side her](#)

### Sende oss informasjon utan å bruke Mi side

Om du ikkje har Mi side, eller ikkje ynskjer å bruke Mi side, kan du skrive ned informasjonen vi treng og sende inn til oss.

Her er informasjonen du må sende oss om påførte og framtidige utgifter som følge av behandlingsskaden:

- Saksnummeret ditt
- Dagens dato
- Namn, e-post og telefon
- Kontonummer
- Oversikt over utgifter du har hatt som følge av behandlingsskaden (utgifter, sum og når dei oppstod)
- Om du har teke imot ytingar frå det offentlege som følge av behandlingsskaden, til dømes frikort, grunnstønad, hjelpestønad, heimehjelp etc.
  - a. Om du har teke imot dette, skildr kva du har fått og sum
- Om skaden er meld til forsikringsselskap.
  - a. Fortel oss kva for eit selskap
  - b. Kva slags type forsikring (døme bil, reise eller ulukke)
  - c. Om du har teke imot forsikringsutbetalinga og kor mykje du har fått
- Om skaden er meld inn eller godkjend som yrkesskade
- Om du trur behandlingsskaden vil gi deg utgifter i framtida
  - a. Kva for utgifter og summar vil du då få?
- Andre utfyllande kommentarar du meiner er relevante

### Send inn til oss

Send informasjonen inn til oss gjennom vanleg post eller til Digipostkassa til NPE. Hugs å setje Norsk pasientskadeerstatning som mottakar om du sender inn gjennom Digipost.